

<b>LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:</b>	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lesa skjønnlitterære tekstar, og kunna reflektera over føremål, innhald og form.</li> <li>• Samanlikna og tolka skodespel ut i frå historisk kontekst og eiga samtid.</li> <li>• Kjenna igjen, undersøkja, forstå og seia noko om kva for nokre verkemiddel som er brukt i ulike samansette tekstar.</li> <li>• Formidla bokkapen til eit Ibsen-stykke gjennom å laga ein samansett tekst der du kan grunngje vala du gjer med hjelp av faguttrykk.</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lesa, skriva og snakka om å ta val</li> <li>• Reflektera kring det å ta val</li> <li>• Snakka om utdanning og karriere</li> <li>• Bruka verb i futurum (framtidiform)</li> <li>• Bruka skrivestrategiar</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna faktorisera og forkorta algebraiske uttrykk</li> <li>• Trekkja saman uttrykk med parentesar</li> <li>• Trekkja saman uttrykk med brøk</li> <li>• Kunna multiplisera polynom</li> <li>• Kunna bruka kvadratsetingane til å forenkla og forkorta algebraiske uttrykk</li> </ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjera greie for kva mangfold er</li> <li>• Drøfta omgrepet kultur</li> <li>• Forklara kva fordommar, diskriminering og rasisme er</li> <li>• Forstå årsaker til og konsekvensar av rasisme, og kunne reflektere kring tiltak som kan motverke rasisme.</li> <li>• Diskutera kva utfordringar som kan oppstå i mangfaldige samfunn</li> </ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna noko om historia til Saron og Time kyrkje</li> <li>• Kunna seie noko om pietisme</li> <li>• Vita kva som meines med bibelbeltet</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forklara kva som er meint med forbrenningsreaksjonar, og gje nokre døme på slike reaksjonar</li> <li>• Gjera greie for korleis organismar skaffar seg energi ved celleanding</li> <li>• Forklara korleis kjemisk energi blir omdanna til andre energiformer ved forbrenning av fossile brensel og hydrogen</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å fortelja om kva du og andre gjer</li> <li>• Å fortelja om kva du og andre skal gjera</li> <li>• Å fortelja om kva du og andre har gjort og stadar de har vore</li> </ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka tysk skriftleg og munnleg</li> <li>• Snakka om ein person i 3.person</li> <li>• Bruka ulike verbformer munnleg og skriftleg</li> <li>• Kunna snakka om veret og årstidene</li> </ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka engelsk i munnleg og skriftleg samhandling, tilpassa formål, mottakar og situasjon.</li> <li>• Setja seg inn i forhold i eit engelskspråkleg land</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undersøkja behov for varer og tenester på skulen og i lokalsamfunnet</li> </ul>
<b>Kroppsøving</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trena på, utvikla og bruk grunnleggjande teknikk i volleyball</li> <li>• Medverka til læring for andre ved å gje positive og konstruktive tilbakemeldingar</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstå og bruka reglar i volleyball.</li> </ul>
<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra seg å spela eit instrument i band</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeida med skisser</li> <li>• Bruka ulike funksjonar innan biletredigeringsprogram</li> <li>• Skjera ut sjablong og trykkje den på kartong</li> <li>• Skriva prosessnotat mens du arbeider</li> </ul>
<b>Utdanningsval</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få ny kunnskap og nye erfaringar innan yrke og utdanning; Det er tid for utdanningsval-veka med hospitering på vgs og arbeidspraksis!</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga god og ernæringsriktig mat</li> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> <li>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trene på, utvikle og bruke grunnleggande teknikk i fotball.</li> <li>• Oppmuntra medelevar med positivt kroppsspråk og tilbakemeldingar.</li> <li>• Vise forståing for Fair play.</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sporlaus ferdsel</li> <li>• Planleggja eigentur</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bestemma seg for fordjupningsoppgåve</li> <li>• Laga ulike skisser til fordjupningsoppgåva</li> <li>• Setja deg inn i aktuelle arbeidsmetodar og læra deg ferdigheter du treng til di oppgåve</li> </ul>
<b>Trafikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• reflektera over og visa korleis trafikksikkerhetsutstyr kan redusera ulykker og skader</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ordensreglement, klassereglar og klassemiljø</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

Det blir gjort mykje bra arbeid, og mange elevar viser modning og motivasjon. Det er kjekt å sjå god framgang.

### Fagdag-sykkeltur

På tysdag i vike 38 skal 10. trinn på fagtur - me skal besøka og få omvisning i Time kyrkja og på Garborgheimen. Me skal sykla, så fint at de alle tek ein sjekk på at sykkelen er i orden. Alle elevane må ha hjelm, me brukar vanleg sykkel, ikkje el-moped.

Dei som har arbeidslivsfag møter til fyrste time denne dagen, og får avspasera dette ved ein seinare anledning.

### Foreldremøte

Torsdag 19. September kl 18.00 er det foreldremøte i Aulaen. Det vil blant anna bli mykje informasjon om vidaregåande skule. Viktig at føresette møter opp på møtet.

### Utdanningsval

I vike 39 skal elevane ha utdanningsval (UTV). Elevane skal då bli kjent med eit nytt utdanningsprogram på vidaregåande skule. I løpet av veka skal elevane vera med på turar til universitet og ulike bedriftar og elevane skal arbeida i ein bedrift. Kvar elev har fått ein oversikt over kor dei skal vera til ein kvar tid. Denne oversikten kan ein finna på ON Utdanningsval.

Helsing oss på 10.trinn

### PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Norsk	Skriveøkt hovudmål	karakter	Torsdag veke 38
Utdanningsval	Skriveøkt som førebuing til utv-veka	Eigenvurdering	Utv-time i veke 38

### HEIMEARBEID VEKE 38

Norsk	Les/hør artikkelen <a href="#">Kva er dramatikk?</a> Gjer oppgåva som du finn på OneNote – Heimearbeid – veke 38 10A, 10C og 10D: Les 3x20 min i boka di. Rapporter sidetal til læraren din på fredag.
Engelsk	Read the text <a href="#">Build a Life</a> and work with questions on OneNote – homework.
Matematikk	Gjer oppgåve 1.117, 1.119 og 1.120 på side 14 og side 16 i oppgåveboka. Ta bilete av utrekningane dine og legg det inn på ON.
Samfunnsfag	Les artikkelen <a href="#">«Rasisme»</a> på aunivers. Kven trur du opplev mest rasisme i Noreg i dag? Kven trur du opplev mest rasisme i USA? Reflekter kring spørsmålet på OneNote, skriv omlag 200 ord.
Spansk	Skriv 5 setningar om kva eit familiemedlem liker (eller hva dei liker å gjere). Viktig at det ikkje blir i 1. person, men i 3. person (han /ho form).
Tysk	Jobb med oppgåvene om «Mein bester Freund/«Meine beste Freundin». Munnleg samtale/presentasjon i grupper veke 40 . Sjå oppgåve på onenote veke 38.
Utdanningsval	Me skriv ned nokre refleksjonar og info kring utdanningsprogrammet du skal fordjupa deg i gjennom veke 39. Meir info på Teams/09UTV/Oppgåver.

Fys.ak.	Sjekk Teams.
Friluftsliv	Møt i klasserommet.

## HEIMEARBEID VEKE 39

UTV-heile veka. Sørg for å tenkje over dei nye erfaringane denne veka gjer deg.



Bryne ungdomsskule